

Jærskulen

Mål- og prinsippdokument for samarbeidet på grunnskuleområdet mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time.

Målet for opplæringa er å utvide evnene hos barn, unge og vaksne til erkjenning og oppleving, til innleving, utfolding og deltaking. (Kunnskapsløftet – generell del).

1. Bakgrunn

Dette dokumentet er resultat av ein lenger prosess mellom dei hovudtillitsvalde i Utdanningsforbundet og den skulefaglege leiinga i Jærkommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time, for å styrka samarbeid mellom kommunane.

Jærkommunane har over fleire år bygd Jærnettverket opp til å bli eit av dei best fungerande i Rogaland med mange samarbeidsprosjekt. Dette med utgangspunkt i at eit heilskapleg og forpliktande samarbeid i saker kan gje leiing og tilsette den styrken som skal til for å;

- oppnå eit betre læringsutbytte for grunnskuleelevane på Jæren
- få stolte, profesjonelle medarbeidarar som har handlingsrom og støtte i si profesjonsutøving for å nå måla.

I fleire saker har det vist seg at Jærkommunane har klart å løysa oppgåvene betre etter at me samarbeidde om dei. Leiaropplæring, kompetanseheving for lærarane, saksbehandling, felles ansvar for munnleg eksamen, åtferdstilbod, vurdering for lærings-prosjektet, er døme på utvikling av Jærnettverket mot ein lærande organisasjon der me dreg vekslar på kvarandre. Rekrutteringskurs av leiarar har vore eit fellesansvar som har betra tilgangen på rektorar.

Frå desember 2011 har og Jærkommunane gått saman i “Nettverk for vurdering”, som er eit effektiviseringsnettverk i KS regi.

2. Kvifor Jærskulen?

Ei felles hovudutfordring er å auka læringstrykket gjennom sterkare forventningar til læringsutbytte på elevane sine vegne. Det betyr høgare ambisjonar frå foreldre, elevar, tilsette, rektorar, skuleleiing og skuleeigar.

Med Kunnskapsløftet har sentrale styringsmakter lagt eit tydeleg mål for elevane sitt utbytte av opplæringa. Norske elevar har ikkje stort nok læringsutbyte. Nasjonale og internasjonale undersøkingar dokumenterer dette.

Utdanningsforbundet sitt profesjonsdokument (2009) omtalar samfunnsmandatet på følgjande måte:

“Vårt arbeid i barnehage og skole er med på å forme morgendagens samfunn. Vi forvalter derfor et bredt samfunnsmandat. Det er vårt ansvar og vår rett å bruke vår profesjonelle autonomi til å løse våre komplekse oppgaver slik at barn, unge og voksne får et best mulig utdanningstilbud. Vi er i dialog med barn, unge og foresatte, og med samfunnet, om vårt arbeid.”

3. Mål for samarbeidet

Visjonen for Jærskulen:

- Kvalitet
Kontinuerlig vidareutvikling av utdanningstilbodet i ein kompetent og profesjonell skule.
- Kunnskapsutvikling
Kunnskapsutvikling fordrar kompetanse. Eit nært tverrkommunalt samarbeid gjev større fagmiljø på alle nivå.
- Styrke
Eit sterkt politisk skuleeigarskap.

Mål:

Jærskulen har eit kollektivt fagleg trykk:

- Jærskulen har eit godt læringsmiljø med god kultur for læring.
- Jærskulen har godt læringsutbytte.
- Jærskulen tiltrekkjer seg kompetente lærarar, inspektørar og rektorar og stimulerer til vidare kompetanseheving.
- Jærskulen har skuleeigarar som tar ansvar for mandatet.
- Jærskulen gir positive assosiasjonar.

For å nå måla for Jærskulen må elevar, føresette, lærarar, skuleleiarar og skuleeigar gjensidig utvikla forventningar til kvarandre, med respekt for dei ulike rollene partane i skulen har, og med fokus på elevane sitt læringsutbytte.

4. Grunngeving for visjon og mål

Me vil bygga på det som forskning viser.

Forskningsrapportar frå ulike hald peikar på læraren som den avgjerande faktoren for elevane sitt utbytte av opplæringa.

Forskning viser at pedagogisk leiing på alle nivå er avgjerande for å få resultat. (Talis)

Professor John Hattie ved Auckland University publiserte i 2009 ein rapport med resultat frå si metastudie om skuleelevar sine prestasjonar målt opp mot 138 ulike faktorar. Dette er blant variablane som kjem høgast på lista:

Klare standardar for god undervisning:

- Evaluering der læraren vektlegg det som gir læring
- Handtering av bråk og uro i undervisninga
- Lærarane er tydelege og har struktur i undervisninga
- Lærarane si tilbakemelding til elevane (støttande og konstruktiv)
- Positiv og støttande relasjon mellom elev og lærar

Dette er også grunnlaget for konklusjonane i St. meld 22 (2010-2011).

Kvalitet i skulen er i følge professor Thomas Nordahl kjenneteikna av:

- Kollektivt orienterte skular ser ut til å gi best resultat. Dei har klare mål, eit sterkt samarbeid mellom lærarar og ein klar læringskultur.
- Relasjonen mellom elev og lærar framstår som avgjerande for eleven sin situasjon og læring i skulen.
- Læraren som leiar grupper ved å ha kontroll, struktur og engasjement. Lærarar framstår med autoritet. Det inneber både kontroll og varme.
- Lærarar med gode faglege kunnskapar og som stiller faglege krav til elevane
- Eit nært og gjensidig samarbeid mellom heim og skule

Opgåver blir løyste betre i lag. På den eine sida er dette utfordrande, men saman har kommunane meir kompetanse og større slagkraft. Slik vil dei framstå som meir robuste på alle nivå.

Jærskulen vil som følge av dette ha fokus på:

- Elevane sitt utbytte av opplæringa (Pisa, Talis). Gje alle elevar ei optimal opplæring i *Grunnleggande ferdigheter*.
- Godt læringsmiljø og god klasseleiing. St. meld 22 (2010-2011- *Motivasjon, Mestring, Muligheter*).
- Elevane skal meistra grunnleggande ferdigheter, oppleve inkludering og meistring, og gjennomføra vidaregåande skule. St. meld 31 (2007-2008 *Kvalitet i skolen*).
- Tidlig innsats for alle elevar. St. meld 16 (2006-2007 *Ingen stod igjen...*)
- Spesialpedagogiske utfordringar. St. meld 18 (2010-2011 *Læring og fellesskap*)
- Å gje skuleleiarar rom til pedagogisk leiing
- Lærarrekuttering
- God vegleiing av nyutdanna lærarar

Innhald, arbeidsmåtar og organisering skal byggje på forskinga gjennom det som kjenneteiknar profesjonelle utøvarar; handlingskompetanse og stor gjennomføringsevne.

5. For å få dette til vil me

- * Sikra involvering av alle aktuelle partar i utvikling av Jærskulen.
- * Etablere ei styringsgruppe av kommunalsjefar og hovudtillitsvalde. Jærrådet er referansegruppe.
- * Tilsetja ein felles prosjektkoordinator som koordinerer gjennomføring av tiltaka og er sekretær for styringsgruppe og referansegruppe.

KS meiner at kommunar som gode skuleeigarar:

- Er bevisste utøvarar av sin egen styringsrolle i utforming av ein lokal/regional utdanningspolitikk basert på nasjonale rammer, tilpassa opplæring.
- Har fokus på skulen sitt formål.
- Har oversiktskunnskap om verksemd, innsatsfaktorar og resultat i skulane sine.
- Bidrar til å utvikla skulen som en lærende organisasjon som reflekterer over eigen praksis og resultat, og korrigerer kursen der det er behov.
- Har ein aktiv dialog med leiarane, foreldra, elevane og dei tilsette sine organisasjonar.
- Har system for kvalitetsutvikling.
- Har verktøy for resultatvurdering og oppfølging.
- Har ein bevisst rekrutterings- og karrierepolitikk.
- Sørger for planmessig kompetanseutvikling for de tilsette ut frå definerte behov.
- Har fokus på kvalitet i skulebygg, fysisk utemiljø, arbeidsmiljø og arbeidsplassar for elevar og tilsette.

Tiltaksplan*

Kven	Tiltak	Ansvar	Tidsrom
Politisk skuleeigar			
	Politisk orientering/behandling av Jærskulen		Vår 2012
	Vera referansegruppe av Jærskulen		
Etatskontora	Leiarutviklingsprogram i nærværsléiing		2012 - 2015
	Rettleiing av nyutdanna og program for nytilsette, felles avklaring		2012
	Felles kompetansehevingsstrategi- og plan		2012
	Analysekompetanse, oppfølging og handling		2012
	Felles system for kvalitetsoppfølging		2013
	Felles rekrutteringsprogram		2013
	Rammevilkår for léiing ved skulane		2013
Skuleleiarane	Delta i utforming av og utøva nærværsléiing		2012 – 2015
	Analysekompetanse, oppfølging og handling		2012 - 2013
Lærarane	Program tydeleg klasseleiiing – jfr St meld 22		2013 – 2018
	Erfaringsdeling – utvikling av god praksis		2014 - 2018

Evalueriing: Kvart år med hovudevalueringar i 2015 og 2018.

Tempoplan leiarprogram og lærarprogram*

Programma i nærværsléiing (leiarprogram) og tydeleg læringsleiiing (lærarprogram) inneheld fellessamlingar med fagleg påfyll, og arbeid i nettverksgrupper på tvers av kommunane.

- | | |
|------------|--|
| 2012 Vår | Sikra eigarforhold hos tilsette sine organisasjonar, og nødvendig politisk forankring. |
| 2012 Vår | Etablera styringsgruppe og referansegruppe
Engasjera prosjektkoordinator
Utvikla felles leiarutviklingsprogram i nærværsléiing |
| 2012 Haust | Sikra informasjon til tilsette, foreldre og elevar
Første fellessamling for skuleleiarane med oppstart av leiarutviklingsprogram i nærværsléiing. |
| 2013 Vår | Utvikla program for lærarar: Tydeleg klasseleiiing |
| 2013 Haust | Felles Jærskulesamling (planleggingsdag i aug).
Oppstart lærarprogram. |

* Me reknar med at prosessen vil avklara behov vidare for fellessatsingar og justeringar. Dette må derfor vera ein dynamisk plan.

6. Tilleggsdokument

Det vert laga følgjande tilleggsdokument til dette hovuddokumentet:

- Jærskulen, leiarutviklingsprogram i nærværsløing
- Jærskulen, program for tydeleg læringsløing
- Jærskulen, rekrutteringsprogram
- Jærskulen, felles system for kvalitetsoppfølging
- Jærskulen, fellesprogram for kompetanseheving
- Jærskulen – budsjett og kostnadsdeling

Ikkje miste spørsmålet medan du leiter etter svaret.

Ikkje miste svaret medan du prøver trua.

Ikkje miste trua når du finn igjen spørsmålet....

Norsk ordtak

Jæren, 03.11.2011